



MØTEPROTOKOLL

Utval: Administrasjonsutvalet
Møtedato: 19.01.2016
Møtetid: 13:00 - 14:55
Møtestad: Kommunehuset

Av 8 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Monica Tjønna (Sp)	Ingen

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann Tone Ramsli
Sektorleiar Jan Erik Boge
Personalsjef Knut Kjeilen

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Utvalet sitt kvarter:	<p><u>Møte i administrasjonsutvalet våren 2016</u> Det oppsette møtet 28. april går ut då formannskapet har heildagsmøte. Det var og ønske om å flytta møtet som er sett opp 2. juni. Ordføraren og rådmannen fekk ansvar for å senda ut forslag til nye møtedatoar. Sakstilfang vil avgjera om ein treng eitt eller to møte i vår. Dersom møte ikkje vert halde i samsvar med møteplan, skal dette varslast til medlemmane i god tid..</p> <p><u>Saker og arbeidsområde for administrasjonsutvalet</u> Tone Ramsli viste til notatet som var vedlagt møteinnkallinga og utfordra forsamlinga til å spela inn kva type saker dei ønskjer å jobba med.</p>
------------------------------	---

Orienteringar/meldingar:	<p><u>Presentasjon av medlemmene i utvalet</u> Dette var det første møtet i administrasjonsutvalet etter kommunestyrevalet hausten 2015. Innleiingsvis i møtet var det derfor ein kort presentasjonsrunde av medlemmene i utvalet.</p> <p><u>Spørsmål vedrørende permisjon for sjukepleiar</u> Olaug Øystese (Ap) stilte spørsmål vedrørende ei sak</p>
---------------------------------	---

	<p>der ein sjukepleiar ikkje hadde fått innvilga søknad om mellombels redusert stilling. Øystese hadde også teke opp dette spørsmålet i formannskapet, men ikkje fått avklaring der. Administrasjonen vil undersøkje saka og koma tilbake med informasjon i neste møte.</p>
--	---

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 10.02.2016

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/16	16/65	Faste saker	
002/16	14/703	Løn til hjelpepleiarar som arbeider i skule og barnehage	
003/16	16/62	Revisjon av lønspolitisk plan for Samnanger kommune	
004/16	16/64	Revisjon av seniorpolitisk plan for Samnanger kommune	
005/16	13/220	Oppfølging av pålegg frå Arbeidstilsynet - gjennomføring av tiltak i tiltaks-/handlingsplan	

SAKNR. 001/16
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

19.01.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET

Handsaming i møtet:

Det vert vist til side 1 og 2 i møteprotokollen for oversikt over kva saker/tema som vart tekne opp under "Orienteringar/meldingar" og "Utvalet sitt kvarter".

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ADM-001/16 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 002/16

LØN TIL HJELPEPLEIARAR SOM ARBEIDER I SKULE OG BARNEHAGE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tilsette i assistentstillingar i barnehage, skule og sfo som har fullført utdanning som helsefagarbeidar, hjelpepleiar eller omsorgsarbeidar, får løn og stillingskode som fagarbeidar (stillingskode 7517). Denne ordninga vert innført 01.02.2016.

For Elisabeth Liøen, som 15.10.2015 sette fram krav om stillingskode som fagarbeidar, vil stillingskode og lønsinnplassering verta endra til 7517 fagarbeidar frå 15.10.2015.

19.01.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET

Handsaming i møtet:

Olaug Øystese (Ap) og **Hilde Maraas Aarvik** stilte spørsmål ved om det er nødvendig at namna på dei tre aktuelle tilsette er opplyst i saksutgreiinga. Rådmann Tone Ramsli svara at det var nødvendig at Elisabeth Liøen sitt namn står i vedtaket (sidan vedtaket gjeld ho direkte), men at namna til dei to andre tilsette i saka ikkje hadde trengt stå i saksutgreiinga.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ADM-002/16 VEDTAK:

Tilsette i assistentstillingar i barnehage, skule og sfo som har fullført utdanning som helsefagarbeidar, hjelpepleiar eller omsorgsarbeidar, får løn og stillingskode som fagarbeidar (stillingskode 7517). Denne ordninga vert innført 01.02.2016.

For Elisabeth Liøen, som 15.10.2015 sette fram krav om stillingskode som fagarbeidar, vil stillingskode og lønsinnplassering verta endra til 7517 fagarbeidar frå 15.10.2015.

SAKNR. 003/16

REVISJON AV LØNSPOLITISK PLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Del II i Lønspolitisk plan for Samnanger kommune (administrativ del) skal reviderast i løpet av første halvår 2016. Rådmannen får ansvar for å utarbeida forslag til revidert del II av planen, og leggja forslaget fram for administrasjonsutvalet i juni 2016. Tillitsvalde må involverast i arbeidet i samsvar med reglane i avtaleverket.

19.01.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET

Handsaming i møtet:

Odd Arne Haga (Frp) stilte spørsmål ved om det er rett at kompetansetillegg ikkje vert teke av potten for lokale lønsforhandlingar, jf. side 15 i lønspolitisk plan. Han bad om at dette vert vurdert i arbeidet med revisjon av lønspolitisk plan.

Haga stilte òg spørsmål vedrørande det noverande punktet i kapittel 8 i lønspolitisk plan, om måling av forhold som innsats og resultatoppnåing. Det står der at det i perioden 2014 – 2016 ikkje skal utarbeidast system for dette. Haga bad om at dette punktet vert vurdert i arbeidet med revisjon av lønspolitisk plan.

Innspela frå Odd Arne Haga vil verta tekne med i det vidare arbeidet med revisjon av lønspolitisk plan.

Olaug Øystese (Ap) bad om at endringar i forhold til noverande plan vert markert i forslaget til ny plan når den vert sendt til behandling i administrasjonsutvalet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ADM-003/16 VEDTAK:

Del II i Lønspolitisk plan for Samnanger kommune (administrativ del) skal reviderast i løpet av første halvår 2016. Rådmannen får ansvar for å utarbeida forslag til revidert del II av planen, og leggja forslaget fram for administrasjonsutvalet i juni 2016. Tillitsvalde må involverast i arbeidet i samsvar med reglane i avtaleverket.

SAKNR. 004/16

REVISJON AV SENIORPOLITISK PLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

19.01.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET

Handsaming i møtet:

Rådmann Tone Ramsli peika på at det i eventuelt arbeid med revisjon av seniorpolitisk plan ikkje skal vurderast å ta inn igjen ordningane med lønstillegg/seniortillegg og tilretteleggingstilskot, jf. kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2016.

Det vart spurt om administrasjonen har kapasitet til å arbeida med revisjon av seniorpolitisk plan våren 2016. Rådmannen bad om at dette arbeidet av kapasitetsmessige årsaker vert utsett til hausten 2016.

Det vart gjort samrøystes vedtak i saka. .

ADM-004/16 VEDTAK:

Seniorpolitisk plan for Samnanger kommune skal reviderast hausten 2016. Rådmannen får ansvar for å utarbeida forslag til revidert plan, og leggja forslaget fram for administrasjonsutvalet i utvalet sitt siste møte i 2016. Tillitsvalde må involverast i arbeidet i samsvar med reglane i avtaleverket.

Seniorpolitisk plan skal ajourførast snarast råd, i forhold til kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2016 der ordningane med seniortillegg og tilretteleggingstilskot vart tekne vekk.

SAKNR. 005/16

OPPFØLGING AV PÅLEGG FRÅ ARBEIDSTILSYNET - GJENNOMFØRING AV TILTAK I TILTAKS-/HANDLINGSPLAN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får ansvar for å utarbeida forslag til reviderte etiske prinsipp (kapittel 2 i personalvedtektene), og leggja fram forslaget i administrasjonsutvalet i neste møte. Dei etiske prinsippa skal gjelda for tilsette i Samnanger kommune. Tillitsvalde må involverast i arbeidet i samsvar med reglane i avtaleverket.

Kommunestyret må vurderer om kommunen framleis skal ha etiske prinsipp for folkevalde.

19.01.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET

Handsaming i møtet:

Det var semje i utvalet om at den siste setninga i vedtaksframlegget skal endrast til:

- *Kommunestyret må sjølv vurderer om kommunen framleis skal ha etiske prinsipp for folkevalde.*

Med denne endringa vart rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

ADM-005/16 VEDTAK:

Rådmannen får ansvar for å utarbeida forslag til reviderte etiske prinsipp (kapittel 2 i personalvedtektene), og leggja fram forslaget i administrasjonsutvalet i neste møte. Dei etiske prinsippa skal gjelda for tilsette i Samnanger kommune. Tillitsvalde må involverast i arbeidet i samsvar med reglane i avtaleverket.

Kommunestyret må sjølv vurdere om kommunen framleis skal ha etiske prinsipp for folkevalde.

